

Saksframlegg

Ikkje offentleg
Ofl § 23, 4. ledd, eigardokument

Saksbehandlar: Ina Therese Sørfonden, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 16/3230-67

Fylkeskommunen sin eigarskap i Sogn og Fjordane Energi AS - Avtale mellom BKK og fylkeskommunen

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkesutvalet har ikkje noko å merke til avtalen som er forhandla fram mellom fylkeskommunen og BKK.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å signere avtalen.

Vedlegg:

- Avtaleutkast av 14.2.17.
- Vedlegg til avtalen: Utdrag frå intensjonsplan mellom Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommune: Punkt 7 Økonomi

SAKSFRAMSTILLING

0. Offentlegheit

Avtalen mellom fylkeskommunen og BKK er ikkje offentleg. Dei andre eigarane i SFE vil bli gjort kjend med avtalen på eigarmøte 10.03.17 og det er lagt opp til at avtalepartane etter dette vil gå ut med ein viss felles informasjon om det arbeidet som BKK og SFE no skal starte opp, jf. avtalen. Saksframstilling med vedlegg og vedtak er difor unnateke etter offentleglova § 23, 4. ledd som eigardokument også etter at fylkesutvalet har handsama saka.

1. Bakgrunn for saka

Saka er fremja etter at fylkesrådmannen har forhandla fram ein avtale med medeigar i SFE, BKK, der BKK m.a. seier frå seg ein ev. forkjøpsrett ved ei overføring av SFE-aksjane frå fylkeskommunen til Sogn og Fjordane Holding (SFH).

Nemnde avtale er elles eit ledd i fylkesrådmannen si oppfølging av FT sitt vedtak i sak 49/16. Fylkesrådmannen fekk då i oppdrag å arbeide vidare med å sikre at dei verdiar som ligg i den fylkeskommunale eigarskapen i SFE-konsernet kan bli verande i Sogn og Fjordane, og meir konkret, fullmakt til å overføre aksjane i SFE til SFH, jf. vedtakspunkt 1 og 2.

Vidare er avtalen eit ledd i fylkesrådmannen sitt arbeid med å følgje opp intensjonsvedtaket som fylkesutvalet gjorde i sak 9/17 den 25.01.17.

Avtalen er kome i stand som eit resultat av eit eigarmøtet mellom SFE sine to største aksjonærar den 31.01.17. FU vart orientert om at dette møtet var avtala i løypemeldinga som vart gjeve den 25.1.17 under sak 8/17 «Skriv og meldingar», vedlegg a og b.

På dette eigarmøte møtte fylkesordføraren og fylkesrådmannen, saman med interne og eksterne rådgjevarar, BKK sin administrerende direktør og styreleiar for å drøfte eigarane sine ulike behov og syn på eigarskapen i SFE med mål om å finne felles løysingar. SFE, som var initiativtakar til møtet, var også til stades ved konsernsjef og styreleiar.

2. Vurderingar og konsekvensar

Den framforhandla avtalen ligg ved saksframstillinga.

Det har vore viktig for fylkeskommunen å få avklara dei andre eigarane sine standpunkt til ein ev. forkjopsrett dersom fylkeskommunen overfører sine SFE-aksjar til SFH. Det ligg føre fleire vurderingar frå eksterne rådgjevarar av både eldre og nyare dato som tilseier at ei slik overføring frå fylkeskommunen til det heileigde fylkeskommunale holdingselskapet *ikkje* vil utløyse nokon forkjopsrett for andre aksjonærar i SFE. For å fjerne ev. uvisse kring dette spørsmålet, sendte fylkeskommunen ut brev til dei andre aksjonærane i SFE den 19.01.17 der dei vart bedne om å ta stilling til forkjopsrettsspørsmålet ved ei slik overføring. Dette er ein viktig føresetnad før fylkesrådmannen går vidare med å følgje opp FT sitt vedtak i sak 49/16, punkt 2.

Alle aksjonærar, med unntak av Flora kommune, har meldt attende til fylkeskommunen at dei ikkje kjem til å gjere gjeldande ein ev. forkjopsrett ved ei overføring som skissert. Flora kommune vil gje ei attendemelding så fort førespurnaden frå fylkeskommunen er politisk handsama, tentativt i bystyremøte 21 mars 2017.

BKK har fått same brev som dei andre kommunane og dette var gjenstand for drøfting i eigarmøte 31.01.17. Drøftingane i og etter møtet har resultert i at BKK gjennom den framforhandla avtalen seier frå seg ein ev. forkjopsrett ved ei overføring av SFE-aksjane til SFH, jf. avtalens punkt 3.

Avtalen skisserer vidare at partane er samde om at BKK og SFE saman skal greie ut og arbeide med framtidig organisering av den eksisterande og framtidige produksjonsverksemda i SFE. Fylkeskommunen vil ikkje ha ein direkte bidragsrolle i dette utgreiingsarbeidet, men har sikra at fylkestinget sitt vedtak i sak 49/16 blir teke forsvarleg omsyn til i utgreiingsarbeidet. Vidare vil fylkeskommunen bli halde orientert om utredningsarbeidet. På den måten meiner fylkesrådmannen at fylkeskommunen sin posisjon i utgreiingsarbeidet er sikra på ein tilfredsstillande måte, samtidig som den ikkje vil vere bunde av dei konklusjonane som utredningsarbeidet resulterer i. Det er sett ein frist for gjennomføring av dette utgreiingsarbeidet til 1. juli 2017.

Avtalen er handsama og vedteke av BKK sitt styre 16.2.17. SFE sitt styre har også blitt orientert om avtalen i styremøte 15.2.17 og er såleis kjend med innhaldet. Fylkeskommunen har blitt informert om at BKK vil signere avtalen den 23.2.17. SFE vil signere på at dei er kjend med avtalen sitt innhald same dag.

Ei overføring av SFE-aksjane kan først skje når avtalen er signert av fylkeskommunen. Dette føreset at fylkesutvalet ikkje har noko å merke til avtalen slik den no ligg føre.

4. Konklusjon

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å stille seg bak den framforhandla avtalen mellom fylkeskommunen og BKK slik den ligg føre.